

# ORDENSREGLEMENT FOR SOGNDALSSKULEN

## 1. Innleiing

### **1.1 Heimel**

Ordensreglement for skulane i Sogndal har heimel i opplæringslova kapittel 9A (om elevane sitt læringsmiljø), forskrift til opplæringslova §1A – 1 (om leksehjelp), § 13 – 7 (om skulefritidsordninga) og delegasjonsreglementet for Sogndal kommune.

### **1.2 Mål**

I skulane i Sogndal skal elevane si læring og meistring gje trivsel, tryggleik, kunnskap, dugleikar og haldningar. Læringsarbeidet skal ivareta både eleven si danning og læring. Vidare er det viktig at skulen bidreg til å utvikla elevane sine evner til å sjå seg sjølv og andre som medansvarlege for eit godt fellesskap og ei positiv samfunnsutvikling. Vi skal ha ein skule med nulltoleranse for mobbing. Ordensregelementet skal vere eit verkemiddel for å nå desse måla.

### **1.3 Innhold i reglementet og kvar reglementet gjeld**

Ordensregelementet inneholder reglar om oppførsel, pliktar for foreldre og elevar, reglar om kva for tiltak som skal nyttast når ein elev bryt regelement (sanksjonar), og reglar om rutinar når slike sakar skal behandlast. Forskrifta til ordensreglementet gjeld for elevane i skuletida, på skulevegen, på SFO, leksehjelp og ved skulen sine arrangement. Ordensregelementet gjeld også for krenkingar som skjer utanom skuletid, dersom det har sitt opphav i skulesituasjonen eller set preg på den.

### **1.4 Skulen sitt eige ordensreglement – elevane sitt psykososiale skolemiljø**

Skulen sitt eige ordensreglement skal ta utgangspunkt i det kommunale reglementet med tilpassing til lokale forhold og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ivareta det psykososiale skolemiljøet. Det er rektor som vedtek det lokale regelementet, men alle rådsorgana til skulen skal delta i utarbeiding og vurdering av regelementet. Ved eventuell motstrid vil opplæringslova og det felles kommunale reglementet gå framfor reglementet på kvar skule.

## 2. Innhold og reglar for orden og oppførsel

### **2.1 Elevane sine rettar**

Du har rett til:

- å ha eit godt lærings- og skolemiljø

- at alle behandler deg på ein ordentleg måte
- at andre viser deg respekt og let det du eig vera i fred
- at du ikkje vert utsett for fysisk, psykisk eller verbal plaging/mobbing
- at lærarar og andre tilsette grip inn og reagerer når dei oppdagar plaging/mobbing.

## **2.2 Elevane sin plikter**

Du har plikt til å:

- arbeida for eit godt lærings- og skulemiljø
- behandla andre på ein ordentleg måte
- visa respekt for andre og la det dei og skulen eig vera i fred
- ikkje plaga eller mobba andre elevar
- følgja skulen sine reglar for orden og oppførsel.

## **2.3 Orden**

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- møta presis på skulen og til undervisninga
- ha skulesakene i orden
- ha med nødvendige læremiddel og utstyr
- gjera skulearbeidet så godt du kan og til rett tid.

## **2.4 Åtferd**

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- vera hyggelege og høflege mot alle du møter på skulen
- vera roleg i timane
- ikkje banna eller bruk grovt språk
- ikkje fuska eller forsøka å fuske på prøvar eller innleveringar
- ikkje røykja, bruk snus eller vera påverka av rusmiddel på skulen sitt område, i skulen sin nærleik eller ved arrangement som skulen er ansvarlege for
- ikkje ha farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område, i skulen sin nærleik eller ved arrangement som skulen er ansvarlege for
- bruk skulen sine datamaskiner og andre digitale hjelpemiddel i fagleg samanheng. Ein skal ikkje offentleggjera rasistisk, nazistisk, pornografisk eller anna krenkande innhald eller oppsøke slike sider. Fotografering eller filming av elevar og tilsette skal ikkje skje dersom vedkomande ikkje ynskjer det
- vera på skulen sitt område i skuletida og ikkje forlate det utan særskild løyve. Den einskilde skule må kartlegge kvar grensa til skulen sitt område er.

## **3. Tiltak og sanksjonar**

Alle tiltak og sanksjonar ved brot på reglane må vere forståeleg for elevane og må stå i samsvar til brotet på regelverket. Dette gjeld både brot på det kommunale regelverket og

dei lokale regelverka. Det er berre den eller dei elevar som har gjort seg skyldige i regelbrotet som kan få sanksjonar. Kollektiv straff er ikkje tillate.

Fysisk straff skal ikkje nyttast, jf. opplæringslova §2 – 9. Lova forbyr og anna krekande behandling. Det betyr at elevane ikkje kan straffast på ein nedverdigande måte. Det vil ikkje seia at elevane ikkje kan gjera fysisk arbeid i samband med reperasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre. Elevane er pliktige til å overhalde tillagde sanksjonar. Nye sanksjonar kan førekome, om elevane ikkje overheld dei sanksjonar han/ho vert tillagde.

### **3.1 Tiltak ved brot på ordensreglementet**

Skulen kan nytta desse sanksjonstiltaka:

- påtale eller skriftleg åtvaring frå lærar, undervisningsinspektør, rektor eller andre tilsette
- påleggning av oppgåver for å rette opp skade eleven har påført skulen sin eigedom eller eigendeler (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging eller liknande)
- oppmøte på skulen utanom vanleg skuletid for samtale med rektor/andre tilsette på skulen eller utføring av pålagde oppgåver
- eleven mistar rett til bruk av skulen sitt utstyr eller datamaskiner for kortare eller lengre tid
- inndraging av gjenstandar som er ulovlege eller vert brukt på ein farleg eller ulovleg måte
- elev og foreldre/føresette kan gjerast økonomisk ansvarlege for skader som eleven gjer
- nedsett karakter i orden/åtferd for ungdomsskulelevar jf. forskrift til opplæringslova § 3-5
- bortvising frå gruppa for resten av arbeidsøkta, resten av dagen eller inntil 3 dagar, jf. opplæringslova § 2- 10
- utestenging frå arrangement og turarar som skulen arrangerer
- mellombels eller permanent klassebyte eller anna alternativ tilbod innanfor skulen si ramme.
- permanent byte av skule i kommunen, jf. opplæringslova § 8.1
- melding til politiet om straffbare forhold.

*Sjå vedlegget «Utdjuping av regelverket knyta til brot på ordensreglementet».*

## **4. Rettar og pliktar for elevar og foreldre ved fråvær og eigne verdisaker**

### **4.1 Fråvær**

Gyldig fråvær vert rekna som fråvær som skuldast sjukdom eller at eleven har fått godkjend permisjon på bakgrunn av § 2 – 11 i opplæringslova.

Foreldre skal levera skriftleg melding til skulen ved alle typar fråvær, og timefråvær og forseintkomingar. Meldinga skal skrivast i Transponder som hovudregel. Om ikkje det let seg gjere, kan foreldre bruke SMS eller anna skriftleg måte. Lærar kan gi løyve til permisjon inntil 3 dagar, medan rektor kan etter opplæringslova § 2-11 gi permisjon i inntil 10 dagar. Dersom eleven er borte frå skulen i meir enn tre dagar, skal foreldra søkje om permisjon til rektor. Skjemaet ligg på skulen si nettside.

Ved søknad om permisjon utover ti skuledagar skal eleven skrivast ut frå skulen. Det skal i slike tilfelle skrivast ein avtale mellom eleven/føresette og skulen om at eleven ikkje er elev ved skulen lenger. Det er ein føresetnad at denne avtalen ikkje påfører skulen/kommunen eit juridisk eller økonomisk ansvar.

I opplæringslova §2-11 om permisjon frå undervisninga der det heiter:

*«Det er eit vilkår for retten at foreldra syter for naudsynt undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmente undervisninga etter at permisjonstida er ute.»*

**Elevar som høyrer til andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skulen dei dagar deira trussamfunn har heilagdagar, jf. opplæringslova 2 -11. Skulen må ha søknaden i forkant av fråværsperioden.**

#### **4.2 Elevane sine verdisaker og personlege eigendalar**

- skulen er ikke ansvarlege for verdisaker og personlege eigendalar som vert borte eller skada i skuletida
  - eleven er forsikra mot personskade i skuletida og reise til / frå skulen.

## 5. Iverksetjing

**Forskrifta til ordensreglement for Sogndal kommune vedteken av .....  
og gjeld frå .....**

Rådmannen har godkiend ordensreglementet den 14. mær 2018.

Joti Hobel

## Vedlegg til ordensregelementet

### Utdjuping av regelverket knyta til brot på regelementet

#### 1. Bortvising

Bortvising frå undervisinga i grunnskulen er regulært i opplæringslova § 2- 10. Tiltaka kan berre nyttast når det er heimla i ordensregelementet. Lova krev og at regelbrotet er alvorleg eller når eleven har brote regelementet fleire gonger. Det er også eit vilkår for bortvising at skulen har vurdert å nytte andre tiltak eller reaksjonar overfor eleven. Elevar på 1. – 7. trinn kan visast vekk for einskild timar eller for resten av dagen, elevar på 8. – 10. trinn kan visast vekk inntil tre dagar. Det er rektor som fattar vedtak om bortvising, men kan bestemme at einskildlærarar skal ha rett til å bortvise elevar frå eiga undervising i inntil to timar. Vedtak om bortvising av elevar opptil to klokketimar er ikkje å rekna som einskildvedtak etter forvaltningslova §2.

#### 2. Mobbing og valdeleg åtferd

Mobbing, vald og truslar om vald skal ikkje bli akseptert i Sogndalsskulen. Mobbing er fysisk og eller psykiske angrep over tid som er retta mot ein eller fleire elevar/tilsette. Den einskilde skule skal ha eigen handlingsplan mot mobbing.

Elevar som truar med vald eller utøver vald kan bli vist vekk frå undervisinga eller skulen. Foreldra til den som utset andre for vald eller til den som vert utsett for vald skal bli kontaktat om barnet deira er involvert i slike hendingar. Grove valdshendingar vert meld til politiet.

#### 3. Farlege gjenstandar på skulen

På skulen sitt område er det ikkje tillate å ha med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre. Farlege gjenstandar kan bli beslaglagde av skulen. Ulovlege gjenstandar vert overlevert til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar vert overlevert til foreldre etter skuletid.

#### 4. Rusmiddel

Det er forbode å vera rusa, bruke, oppbevare, omsette eller eige snus, tobakk, alkohol, narkotika eller andre rusmidlar på skulen sitt område eller på aktivitetar i regi av skulen. Skulen skal beslageleggje rusmidlar som vert teke med på skulen.

#### 5. Mobiltelefon og internett

Den einskilde skule kan vedta lokalt tilpassa reglar for bruk av mobiltelefon. Skulen må og vedta sanksjonar ved brot av reglane. Den einskilde skulen skal vedta nettvett – reglar. Desse reglane skal vera retningsgivande for korleis elevane skal bruka og forholda seg til digitale verktøy og bruk av IKT – utstyr. Dersom elevane bryt dette regelementet, kan dette føre til tiltak etter reglane i punkt 3.1. Ulovlege forhold kan bli politimelde.

## **6. Fusk**

Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering i orden eller åtferd. Dersom ein elev fuskar i prøvesituasjon, vil prøven bli annullert. Elevar på ungdomstrinnet skal varslast om faren for ikkje å få terminkarakter.

Eksamens i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller prøvd å fuska på eksamen. Spørsmål om annulling av eksamen i faget skal bli avgjort av rektor. Vedtak av annulling av eksamen kan klagast til Fylkesmannen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

## **7. Hærverk på skulen sine bygningar og eigendeler som høyrer til skulen, elevar eller tilsette.**

Forsetteleg eller uaktsam skade eller hærverk på skulen sine eigendelar og utstyr kan medføre eit erstatningsansvar overfor føresette. Det same gjeld tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, jf. §1 – 1 og 1 – 2 i skadeerstatningslova. Elevar som utøver hærverk, kan bli pålagde å rydde opp etter seg eller utbetre skader som består i arbeid eleven har føresetnader for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til lovbroten.

## **8. Undersøking**

Ved grunn til mistanke om brot på punkt 3 og 4 i vedlegget, kan skulen si leiing i det einskilde tilfellet be eleven om samtykke til å foreta ein kontroll av eleven sine eigendelar. Det skal vera fleire til stades ved ein slik kontroll, og det skal gjerast så skånsamt som mogleg. Eleven sine føresette skal ha moglegheit for å vere til stades ved ein eventuell kontroll.

## **9. Straffbare forhold**

Dersom det ligg føre ein mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om bistand hjå politiet. Eleven sine føresette skal så langt det er mogeleg bli varsla munnleg, samtidig som ein ynskjer bistand frå politiet. Foreldre/føresette skal uansett bli varsle skriftleg om at ein har søkt bistand hjå politiet.